
Saksnr: 2020/77152-94
Saksbehandlar: Arild Knapskog
Dato: 12.11.2021

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Uttale RMNF - Tilpassa opplæring i Vestland fylkeskommune

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne handsama i møte 12. november 2021 PS 38/21 «Tilpassa opplæring i Vestland fylkeskommune».

Rådet gav følgjande uttale:

RMNF er nøgd med dei verdiane som blir lagt til grunn i pkt. 1 «Alle skal møta eit inkluderande læringsmiljø». Der viser ein m.a. til opplæringslova som seier det RMNF lenge har vore oppteken av:
«Alle elevar har rett til å høyre til ein klasse/gruppe, jf. § 8-2 i opplæringslova.
Klassen/gruppa kan ikkje delast inn etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhøyr, jf. § 8-2 første ledd, andre punktum»

Vi går ut frå at det er det som blir vist til i kulepunktta i vedtaket som seier kva prinsipp tilpassa opplæring bygger på.

Vi er litt usikre på kva som ligg i formuleringa «auka læringsutbytte ved bruk av fleire fleksible og ulike relevante opplæringsarenaer», men reknar med at det for vår gruppe vil bety at dei søker seg inn i, og tilhøyrar ei vanleg klasse, men at deler av undervisinga kan vere i eit eige opplegg utanfor klassen, tilpassa dei utfordringane dei har for læring. Pkt. 4 «Vurderingspraksis som fremjar læring og utvikling» må ikkje tolkast som om skulane likevel kan gå på tvers av prinsippa, og halde fram med spesialklassar.

Retten til å velje skule og fag må vere lik for alle elevar, uavhengig av fysisk eller psykisk funksjon

Det er meir som tilføyast tilpassa og universell undervising som skal gå føre seg i ordinær skule utan ekstra midlar eller spesialkompetanse. Dette fører til at ein forventar meir av ordinær skule og lærarane. Det må da gjerast ein evaluering om gap mellom forventning til lærarar og ordinær skule og kompetanse som ordinær skule vi har. Kva må tilføres av kompetanse og ressursar?

RMNF ynskjer tilbakemelding på korleis fylkeskommunen arbeider med kvalitetsoppfølging og sikrar at alle elevar får den opplæringa dei har krav på.